

Tett på 100 spelarar frå indre luten til Norway Cup.

25.07.2017



Gutar 15 med trenar Lars Emil Berge bakerst.

Laurdag vert det storutfart frå Kvinnherad over fjellet til Oslo. Då reiser til saman 10 Kvinnheradslag for å delta i Norway Cup. Rosendal/Uskedal har den største troppen med fem lag, [Uskedalen stiller for første gang når dei har lag i Gutar 13](#), medan Halsnøy og Trio reiser med to lag kvar.



Jenter 15 saman med trenarane Helge Furdal(t.v.) og Tor Gundersen.

Medan Uskedals-laget reiser i privatbilar, reiser dei 5 laga frå Rosendal/Uskedal med to store bussar og ein minibuss i tillegg til privatbilar. Svært mange Kvinnheradsfamiliar legg turen til Egebergsletta den komande veka. Det vert nok nokre hundre i heiagjengen, og dei pleier kvart år å markera seg positivt.

Uskedalen.no var oppom Heio mandag kveld, og då var to av laga i trening for å finpussa Norway Cup-forma. Det var både gute- og jentelaget i 15/16 årsklassen. Begge laga gjorde det godt i Norway Cup i fjor, og vi hugsar med glede tilbake på den flotte innsatsen jentene gjorde i den [TV-sende kampen mot Holmlia](#) der dei vann ein fortent 3-2 siger. I år er både gutane og jentene rykt opp i 15/16-årsklassen. Det betyr at dei også møter spelarar som er eitt og to år eldre enn seg. Kvart lag har nemleg også lov å bruka tre 17-åringar. Likevel er dei optimistiske, og håpar på gode kampar der spelarane får både inspirasjon og utvikling.

- Dei kjem til å sparka godt frå seg, lovar Helge Furdal som trenar jentelaget saman med Tor Gundersen. Begge laga skal spela 11'ar. Det er 16 spelarar i troppen til begge laga.

Det er 6 uskedelingar på kvart av dei to laga. På jentelaget spelar Silje Soldal, Thea Taranger, Hanna Tvilde, Amalie Hovden Rød, Camilla Myklebust Ripel og Ida Marie K. Eidsvik. I tillegg til dei to trenarane er lagleiar Erlend Bøyum i støtteapparatet.

Viljar Simonnes Tveit, Sander Simensen Haraldseid, Martin Hjelmeland Arnesen, Sondre Klyve, Bashar Khalo og Kristian Klette Hansen vert med på gutelaget i Norway Cup. Dei vert trenar av Odd Steinar Arnesen, Jonny Hansen og Lars Emil Berge som også er leiar av fotballgruppa i Rosendal.

I innleiingsspelet vil gutane møta Steigen SPK, Skjold IL og Skeid, medan jentene møter Raufoss Fotball gul, Stabæk Fotball og Hjelseth/Kleive-Skåla.

Rosendal stiller i tillegg med 11'ar-lag i Gutar 14, 9'ar-lag i Jenter 13 og 7'ar-lag i Gutar 15/16.

Vi ønskjer ungdommane lukke til, og spår at dei får ei strålende veke i hovudstaden før dei kjem heim til årets storhending i heimbygda!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland